

Samarbeid med Eidsvik om brannberedskap?

15.04.2010



Samarbeid mellom Eidsvik og kommunen kan kanskje bli løysinga. No ligg det to båtar ved verftet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Revisjon av brannordninga var ein av sakene på kartet til formannskapet i dag, mellom anna med nedleggjing av brannstyrken i Uskedalen som eit av forslaga.

Men etter forslag frå Knut Prestnes (Sp) og Torfinn Myklebust (IP) vart saka samrøystes utsett og kjem til ny handsaming 6. mai. I mellomtida skal ein drøfta eit samarbeid med Eidsvik Skipsbyggeri om brannberedskapen.

Det heiter i forslaget at saka vert utsett til rådmannen har hatt møte med Eidsvik om brannstasjonen slik dagleg leiar Svein Arne Eidsvik har bedt om både no og tidlegare.

Prestnes viste til eit ferskt brev frå Eidsvik der han viste til at det er tredje eller fjerde gongen dei siste 20 åra ein opplever snakk om å legga ned brannstasjonen. Eidsvik har skrive brev kvar gong og ytra ønske om drøfting av mogelege løysingar. Men han har ikke hatt ein einaste reaksjon frå brannsjef eller andre i kommunen.

- Det er svært skuffande å få informasjon gjennom media om at brannstasjonen kjem opp som ny nedleggjingsak, 4 månader etter forrige vedtak om at Halsnøy og Uskedal brannstasjon skulle oppretthaldast, skriv Eidsvik. Han viser til at skipsbyggeriet har hatt industrivern i 15 år og det er ønskeleg å få lov til å diskutera om dei kan bistå kvarandre.

Eidsvik synest argumentet om at få av brannkonstablane i Uskedalen har sin arbeidsstad i bygda skal vera eit argument for å leggja ned brannstasjonen blir heilt meiningslaust og spør: Kva med timane frå 16 til 6?

-Då er vel dei fleste brannkonstablane i bygda, skriv Eidsvik.

Han sluttar med at det sikkert er mange argument for og imot å oppretthalda/nedleggja brannstasjonen, men synest det er veldig skuffande at verksemda overhodet ikkje blir kontakta.

-Vi har tross alt ein del kompetanse og utstyr som vi meiner burde vera av interesse for den kommunale beredskapen, sluttar Eidsvik

Prestnes kommenterte brevet med at kommunen burde ha tid til kontakt med ein så seriøs bedrift som Eidsvik i denne saka.

Fleire medlemer av formannskapet meinte at også Halsnøys brannberedskap burde vurderast samstundes og slik vart det.

Av Ola Matti Mathisen



Knut Prestnes og Torfinn Myklebust fekk utsett revisjonen av brannordninga. (Foto: Ola Matti Mathisen)